

Søknadsnr	tiltak	sokjar	orgnr	kontakt
12	Nærmiljøsti med aktivitetssløype over Heiane	Bygdalaget Nesjaheimen	998828910	Monica Vindenes Bolstad

epost	tlf	kostnad	soknadssum	andre	andre2
<a href="mailto:monica.bolstad@bkkfiber.no">monica.bolstad@bkkfiber.no</a>	48188665	185 000	75 000	Nei	Ja

## skildring

Me bur i ei nydeleg bygd, nær sjø og fjell. I nærområdet rundt bygda, har me ein sti på ca 1 km, som i eldre dagar vart brukt til ferdselsveg. No er det grodd til med skog og kratt, og mykje av turen er myrområde med bekkefar. Det er mange som nyttar denne turen gjennom bygda vår. Med opprusta sti, håpar me at enda fleire kan ta turstien i bruk. Me ser for oss å grøfte, drenere og gruse stien, slik at barn, vaksne og eldre kan få gode turopplevingar i naturen rundt bygda vår. Hovudfokus er at stien blir mindre våt, og i tillegg vil me skape eit aktivitetsskapande miljø. Derfor legg me opp til aktivitetsløype og gode møteplassar for store og små. Det er viktig for oss at turen blir til glede og nytte for fleire generasjonar. Forutan sitjebenker, bord og utsiktspunkt, vil me synleggjera kulturminne og helleristingar som finns langs vegen. Stien blir og brukt som sikker skuleveg for mange barn.

**maal**

Målet er å oppgradere eksisterande sti til god skuleveg gjennom skogen, til turløype for folk i alle aldersgrupper, og legge til rette for leik og aktivitet i nærmiljøet. Etter prosjektet er gjennomført har me eit mål om at fastbuande og hyttebefolkning får auka fysisk aktivitet og dermed betra folkehelse. Møteplassane skal bidra til sosial deltaking på tvers av generasjonar, og betra psykososial helse.

## gjennomføring

Me vil prøve å gjennomføre prosjektet på ca eit halv år, ved å hente inn dugnadskrefter tidleg, og hente inn prisar hos lokale entreprenørar. Det er lite frost og vinter i vårt område, og det er realistisk at grunnarbeid kan ta til i mars måned. I åra framover ser me for oss årlege dugnader for å halde turområdet ryddig og vedlikeholdt.

**samarbeid**

Prosjektet er eit samarbeid mellom bygdautvalet i bygda, som har peika ut ei prosjektgruppe, samt dugnadsinnsats som er tenkt av «60 + brigaden», som er pensjonistgruppa i bygda.

spesifiser	SUMfinans
Fusa Kraftlag, Gjensidigestiftelsen	185 000

**budsjett**

Dugnad prosjektgruppa (75t a 250) 15 000 Dugnad pensj-  
gruppa (75t a 250) 15 000 Entreprenør,grunnarbeid 80 000  
Aktivitetsløype,løypestreng 50 000 Benkar og bord 25 000



**Finansiering**

Dugnad prosjektgruppa (75t a 250) 15 000 Dugnad pensj-  
gruppa (75t a 250) 15 000 Tilskot HFK 75 000 Tilskot  
gjensidigestiftelsen 75 000 Tilskot Fusa Kraftlag 5 000